

Gamle Bergsdalsvegen

Tone : Rallarvisa

Denne visa er henta frå lokalavisa Vaksdalsnytt 4. sept 1977. Signert T.E. Er det nokon som kjenner att visa eller signaturen?

Med to nevar og ei sleggje og eit spitt
og med lunte og ei mengd med dynamitt
gjenom fjell og ur kvar centimeter veg heilt opp til topp
ja kor mange kan vel ingen rekne opp.

Før i tida då var vegen tung og long
likevel til bil og bussar ingen trong
opp og ned vi kjende vegen kvar ein stubb og stabbestein
opp til gamle storefossens huldreheim.

Vegen starta med dei stabbesteinar fem
enger oppe der sto "eneboaren"
og fjellet mitt imellom var den kråa som de veit
som ein venn i nøden - om dei kom i beit -.

Opp på tippet stabbesteinane stod trygt
det var ingen der som enno hadde bygt
ja der oppe tok dei praten, når dei søndagsturen gjekk
mange kråketing på tippet her dei fekk.

Årleg søndagsskule-utflukt borna fekk
opp til Ljomar-jorden alle saman gjekk
der var reine paradiset, blomeeng og skog og fjell
og her leika dei frå morgon og til kvell.

Hestekumma ikkje alle minnest no
andre ser det før seg "nettopp" der ho stod
for ein svett og sliten hestegamp var dette medisin
bekken skummande heldt kumma rein og fin.

Og tunellane dei må vi taka med
"ein naturidyll" fekk lenge stå i fred
men no er dei borte vekk naturen gjøymast skal i sekk
bil og trailara har rangen villig vekk.

Opp til botnane er noko for seg sjøl
nesten som ein go og gamal sæter-støl
blålbærtuvene som lava rundtom tre og lyng og kratt
elv og bekkesus og huldrelått og kratt

Her ein gong ei gamal Gullakshytte sto
det var koseleg - så lenge sidan no
gamle stien her den svingar opp - ja prøv den neste gong
denne stien den har vore vældig long.

Denne stien bortom elva kande sjå
heilt frå brua her til Dalebru kan gå
når ein går i Bergsdalsvegen må ein tenkja på at før
gjekk dei stien bortom elva med kvar bør.

Gamle storefossen slik den var ein gong
vi kan minnst tonens kjende fosse song
"jette-gryta" no ho ligg der som eit gamalt monoment
før i tida var ho nesten vide kjendt.

Ja no er vi komt på storefossens topp
og der skal vi jammensanten ta ein stopp
gamle vegen under dammen ligg med gamle minner gjøymt
dei som gjekk her før, har slettes ikkje gløymt.

T. E.